



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	28.05.2015
Tid:	16:30 – 21:20

Medlemer som møtte:

Olaug Andreassen	Medlem	AP
Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Camilla Storøy	Medlem	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Frank Lied	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Norvald Muren	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Kaja Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Sofie Mere Arntsen	MEDL	AP
Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
Frank Otto Kvalsvik	MEDL	KRF
Per Kristian Furø	MEDL	AP
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Fred Hansen	MEDL	H
Richard Klungsøyr Gjerde	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP

Kjerstin M. Lilleøy Nygard	MEDL	H
----------------------------	------	---

Varamedlemmer som møtte:

Egil Kjell Leikanger	Per Kristian Furø	AP
Runar Stave	Sofie Mere Arntsen	AP
Edel Kvalsund Goksøy	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
Mona Grethe Ryssevik	Frank Otto Kvalsvik	KRF
Solveig Kathrin Dahlstrøm	Henry Jøsokbakke	V
Oddmund Voldsund	Fred Hansen	H
Signe Sævik Monsen	Richard Klungsøy Gjerde	H
Kai Andre Igesund Yndestad	Kjerstin M. Lilleøy Nygard	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Solveig Helen N. Båtsvik	Dag Kåre Nærø	FRP

Andre: Rådmann Olaus Jon Kopperstad Planleggar Hallvard Rusten
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg Planleggar Ole Magne Rotevatn

Møtet var annonsert med sakliste i Vestlandsnytt.
Det møtte 23 faste og 10 vara, fulltallig.

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Bjarne Kvalsvik hadde spørsmål om status i sak om avhending av Jakobsen-eigedomen.

K-sak 67/15 vart handsama fyrst i møte.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valde:
Olaug Andreassen og Sigurd Voldsund Nygard.

Svein Gjelseth kom til møtet kl. 16:45, under handsaming av K-sak 67/15.

Marthe Vågsholm Sævik fekk permisjon kl. 19:00, etter handsaming av K-sak 66/15.
Camilla Storøy fekk permisjon kl. 19:40, under handsaming av K-sak 68/15.
Bjørn Otterlei fekk permisjon kl. 19:45, under handsaming av K-sak 68/15.
Kjell Runde fekk permisjon kl. 20:40, under handsaming av K-sak 68/15.

underskrifter

Olaug Andreassen

Arnulf Goksøy

Sigurd Voldsund Nygard

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 56/15	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 57/15	Protokoll frå førre møte.
PS 58/15	Delegerte saker
PS 59/15	Referatsaker
PS 60/15	Indre Moltumyr bustadfelt - Avtalar om makebyte for offentlig tilkomstveg
PS 61/15	Detaljreguleringsplan for Myklebustvatnet vest II - Slutthandsaming
PS 62/15	Detaljreguleringsplan for FV 654 Indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua. Sluttbehandling.
PS 63/15	Reguleringsendring for deler av Trollaldalen - Slutthandsaming
PS 64/15	Innfartsveg Fosnavåg. Grunnavtale mellom Herøy kommune og eigarar av gnr 37, bnr 506.
PS 65/15	Risiko- og sårbarheitsanalyse , heilskapleg analyse 2015
PS 66/15	Busetting av flyktningar 2014-2020
PS 67/15	Kontrollutvalet - neste forvaltningsrevisjonsprosjekt
PS 68/15	Kommunereform

PS 56/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 57/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 58/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 59/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 60/15 INDRE MOLTUMYR BUSTADFELT - AVTALAR OM MAKEBYTE FOR OFFENTLEG TILKOMSTVEG

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.
Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. Kommunestyret godkjenner avtalar med eigarane av gnr 60, bnr 143, 206 og 276 om makebyte av areal for offentleg tilkomstveg til bustadområde indre Moltumyr, slik desse ligg føre og vist på vedlagt kartutsnitt.
2. Ordførar får fullmakt til å signere avtalane på vegne av kommunen og til å rekvirere oppmåling og gjennomføre eigedomsoverdraging.

PS 61/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYKLEBUSTVATNET VEST II - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte. Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsendring for Myklebustvatnet Vest II, med planomtale inkludert vedlegg av 22.01.2015 og tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 24.04.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 62/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR FV 654 INDRE HERØY KYRKJE - STOKKSUNDBRUA. SLUTTBEHANDLING.

Møtebehandling:

Planleggar Hallvard Rusten møtte og orienterte. Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av PBL § 12-12, detaljreguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for FV 654 Indre Herøy Kyrkje – Stokksundbrua, begge sist endra 27.03.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 63/15 REGULERINGSENDING FOR DELER AV TROLLEDALEN - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte. Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 4 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsendring for Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl, med planomtale inkludert vedlegg av 09.03.2015 og tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 13.04.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 64/15 INNFARTSVEG FOSNAVÅG. GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGARAR AV GNR 37, BNR 506.

Møtebehandling:

Utskrift av møtebehandling i formannskapet 28.05.2015 vart lagt fram i møte.

Rådmannen orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigarane av gnr 37, bnr 506 datert 22.04.2015.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen
3. Det vert løyvd 160.000 kroner ekskl. mva til prosjekt 51350 Vegarm frå Myklebust til Campus.
4. Kostnaden vert finansiert ved låneopptak.

PS 65/15 RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE , HEILSKAPLEG ANALYSE 2015

Møtebehandling:

Kaja Runde kom med framlegg om eit nytt punkt f i tilrådinga:

Vern av fuglefjell og anna dyreliv i området.

Formannskapet si tilråding med tillegg av pkt. f vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. ROS-analyse, heilskapleg analyse 2015, vert teken til vitande.
2. Ved revidering av beredskapsplanen vil kommunestyret at det skal lagast handlingplan knytt til:
 - a. stormflo, bølgepåverknad og vind
 - b. brann, eksplosjon, kjemikalieutslepp og anna akutt forureining
 - c. ulykker knytt til skipsfart
 - d. mangel på informasjon- og kommunikasjonsinstallasjonar
 - e. bortfall av infrastruktur
 - f. vern av fuglefjell og anna dyreliv i området.

Vedtaket er gjort med heimel i sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

PS 66/15 BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2014-2020

Møtebehandling:

Uttale frå komite for helse og omsorg vart lagt fram i møte.
Det vart halde gruppemøte.

Egil leikanger kom med framlegg om å endre «10 ekstra flyktingar» til «10 ekstra kvoteflyktingar».

Formannskapet si tilråding med framlagt endring vart vedteken mot 1 røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra kvoteflyktingar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.
2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktingane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

PS 67/15 KONTROLLUTVALET - NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Møtebehandling:

Saka vart lagt fram utan tilråding.

Kjell Runde kom med framlegg om slikt vedtak:

Kontrollutvalet får i oppdrag å føreta revisjonskontroll av Herøy barnevern.

Framlegget fall mot 3 røyster.

Kommunestyret stadfester at ein held seg til tidligare vedteken forvaltningsplan

PS 68/15 KOMMUNEREFORM

Møtebehandling:

Oppsummering frå møte i rådmannen si leiargruppe med hovudtillitsvalde og hovudverneombod 26.05.2015 vart delt ut i møte. Planleggjar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte. Det vart halde gruppemøte.

Herøy AP kom med slikt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å opprette ei arbeidsgruppe som skal arbeide med kommunereforma.

Arbeidsgruppa består av ordførar, rådmann, gruppeleiarane i kommunestyret, 1 rep. frå dei tilsette, 1 rep. frå ungdomsrådet, 1 repr. frå eldrerådet.

Administrasjonen har sekretær.

Arbeidsgruppa får dette mandatet:

- Å ta med alle 7 alternativa
- Representere Herøy i det vidare arbeidet med kommunereform
- Rapporterar jamnleg til kommunestyret om arbeidet i gruppa
- Arbeidsgruppa legg fram forslag til vedtak i saka

Framlegget fall mot 7 røyster.

Høgre/FRP/Sp/Folkelista og KrF kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med utgreiing av samanslåingsmodellar for kommunestruktur.
Desse vert valt til arbeidsgruppe:
Ordførar, gruppeleiarane, rådmann, kontaktperson kommunereform.
2. Arbeidsgruppe kommunestruktur får i oppdrag å legge fram forslag til mandat for behandling i formannskap/kommunestyre i juni 2015. Arbeidsgruppa skal involvere Ungdomsrådet og fagorganisasjonane.
3. Det skal leggst fram oppdatering/statusrapport frå arbeidsgruppa i kvart Kommunestyre fram til endeleg vedtak.

Framlegget frå Høgre/FRP/Sp/Folkelista og KrF vart vedteke mot 7 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. Kommunestyret vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med utgreiing av samanslåingsmodellar for kommunestruktur.
Desse vert valt til arbeidsgruppe:
Ordførar, gruppeleiarane, rådmann, kontaktperson kommunereform.
2. Arbeidsgruppe kommunestruktur får i oppdrag å legge fram forslag til mandat for behandling i formannskap/kommunestyre i juni 2015. Arbeidsgruppa skal involvere Ungdomsrådet og fagorganisasjonane.
3. Det skal leggst fram oppdatering/statusrapport frå arbeidsgruppa i kvart Kommunestyre fram til endeleg vedtak.

MØTET SLUTT!

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 148/15 Herøy kommune 37/ - Løyve til tiltak 27.04.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 149/15 Kari og Johnny Storøy 17/38 - Løyve til oppføring av tilbygg og garasje 20.04.2015 00:00:00 Herøy Byggsenter AS

DS 150/15 Dina Voldsund Djupvik 14/31 - Løyve til oppføring av tilbygg 24.04.2015 00:00:00 Dina Voldsund Djupvik

DS 151/15 Anett Skorpen Tarberg 62/2 - Løyve til oppføring av fritidsbustad 07.05.2015 00:00:00 Sundli Plan

DS 152/15 Trond Tellefsen 36/40 - Mellombels bruksløyve 30.04.2015 00:00:00 Trond Tellefsen

DS 153/15 May Therese og Frank Rogne - 24/90 - Løyve til endring 24.04.2015 00:00:00 Bygg og System as

DS 154/15 Gnr 54 Bnr 80 - Frådeling av nausttomt 06.05.2015 00:00:00 Andreas Klungøy

DS 155/15 Hallstein Lynge 44/21 - Ferdigattest for rehabilitering skorstein 20.04.2015 00:00:00 Alfapipe Møre

DS 156/15 Tømrer Prosjekt as - 31/161 - Del av gangveg 04.05.2015 00:00:00 Tømrer Service as

DS 157/15 John Magne Johannesen - 34/259 og 154 - IG 3 Tekninske fag 22.04.2015 00:00:00 Prosjektbygg as

DS 158/15 Gnr 34 Bnr 1 - Frådeling av grunn til utbyggingsformål 15.05.2015 00:00:00 Bergsøy Idrettslag v/Hallvard Ulfstein

DS 159/15 Arnstein Båtsvik 83/113 - Løyve til oppføring av naust 22.04.2015 00:00:00 Arnstein Båtsvik

DS 160/15 Gnr 59 Bnr 4 - Frådeling av bustadtomter 15.05.2015 00:00:00 Øivind Iversen

DS 161/15 Gnr 35 Bnr 122 - Frådeling av bustadtomt 06.05.2015 00:00:00 Herøy kommune

DS 162/15 Peter Frøystad 60/143 - Ferdigattest for rehabilitering skorstein 28.04.2015 00:00:00 Cementprodukt AS

**DS 163/15 Jetmund Runde - 9/117 - Løyve til utvendig fasadeendring 20.04.2015
00:00:00 Jetmund Runde**

**DS 164/15 Runde Bryggelag 9/1 m. fleire Frådeling av naust/sjøhustomt
22.04.2015 00:00:00 Paul K. Jacobsen**

**DS 165/15 Bygg og System AS 23/47 - Mellombels bruksløyve 24.04.2015
00:00:00 Bygg & System AS**

DS 166/15 Vidar Nerland - 4/333 - Einebustad 22.04.2015 00:00:00 Tema Vest as

**DS 167/15 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Løyve til
oppføring av bustadhus 29.04.2015 00:00:00 Tømrer Service AS**

**DS 168/15 Anita Nevstad og Bjarne Hildre 45/155 - Rammeløyve oppføring av
bustad og igangsetjingsløyve for grunnarbeid 08.05.2015 00:00:00 Enerbygg
Bolig AS m.fl.**

**DS 169/15 Geir Tjervåg 53/1 - Endring av løyve til tiltak 11.05.2015 00:00:00
Kvadratbygg AS**

**DS 170/15 Mellombels bruksløyve - 12/319 seksjon B 08.05.2015 00:00:00 Bygg
og System as**

**DS 171/15 Harald Bergsnes 30/98 - Løyve til oppføring av garasje 20.04.2015
00:00:00 Harald Bergsnes**

**DS 172/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Rammeløyve for oppføring av
bustadhus 13.05.2015 00:00:00 Hedalm Anebyhus AS**

DS 173/15 Jarleif Igesund - 31/7 - Gangveg 06.05.2015 00:00:00 Jarleif Igesund

**DS 174/15 Gnr 20 Bnr 5 - Arnfinn Frøystad - deling av grunneigedom til
bustadforemål 07.05.2015 00:00:00 Arnfinn Frøystad**

**DS 175/15 Gnr 26 Bnr 9 Ragnar Per Leine -Frådeling av grunn 22.04.2015 00:00:00
Ragnar Per Leine**

**DS 176/15 Gnr 34 Bnr 165,166,185 og 509 - Frådeling av grunn til
barnehageformål 15.05.2015 00:00:00 Bergsøy IL**

**DS 177/15 Herøy kommune- 23/21 og 26 - Deponi og steinuttak 08.05.2015
00:00:00 Herøy Kommune - anlegg-og driftsavdelinga**

**DS 178/15 Herøy Vasslag SA 34/417 - Løyve til tiltak 18.05.2015 00:00:00 Aurvoll
og Furesund AS**

**DS 179/15 Marianne og Peter Straume - 11/13 - Igangsettingsløyve fritidsbustad
13.04.2015 00:00:00 Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS**

**DS 180/15 Jakob Rangvald Kopperstad -3/5 - Tilbygg/garasje 22.04.2015 00:00:00
Jakob Rangvald Kopperstad**

**DS 181/15 Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring 06.05.2015
00:00:00 PEN THORSETH THAI-GODSAKER**

**DS 182/15 Gnr 23 Bnr 37 - Frådeling av næringstomt 06.05.2015 00:00:00 Herøy
kommune**

**DS 183/15 Herøy kommune - 37/506 - Riving av løde 06.05.2015 00:00:00 Aurvoll
og Furesund as**

**DS 184/15 Børge Fiksdal 20/76 - Løyve til oppføring av garasje 20.04.2015
00:00:00 Børge Fiksdal**

DS 185/15 Nils Arne Eide - 20/54 - Tilbygg 06.05.2015 00:00:00 Nils Arne Eide

**DS 186/15 Gnr 31 bnr 161 - Frådeling av veggrunn 07.05.2015 00:00:00 Tømrer
Service AS**

**DS 187/15 Ferdigattest skilt - 34/124 22.04.2015 00:00:00 Brand Factory Norge as
avd Øsfold**

**DS 188/15 Gry Dragsund-Vike 34/253 - Løyve til oppføring av frittstående garasje
20.04.2015 00:00:00 Gry Dragsund-Vike**

**DS 189/15 Linn Renate Røyset og Lidvar Husøy - 46/82 - Einebustad 08.04.2015
00:00:00 Handverksbygg as**

**DS 190/15 Søknad om skjenkebevilling - for én bestemt anledning Moltustranda
mosjonsfestival 2015 13.05.2015 00:00:00 MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG**

**DS 191/15 Ferdigattest - 34/504 seksjon nr 1 og 2 18.05.2015 00:00:00 Tømrer
Service as**

REFERATSAKER

RS 14/15 Møteprotokoll med Årsmelding og regnskap 2014

**RS 15/15 HE 02-15 Sak 16-15 Kommunerekneskapen med årsmelding 2014 -
utskrift til kommunestyret**